
Søkjjar

Opplysningar om institusjonen

Kommunenamn	Seljord kommune
Institusjonsnamn	Seljord bibliotek
Postadresse	Nyveg 16
Postnummer	3840
Poststad	Seljord
Leiar av institusjonen	
Fornamn	Ingeborg
Etternamn	Nenseter Jensen
Telefon	35 065 154
E-post	ingeborg.nenseter@seljord.kommune.no

Sluttrapport

Tittel på tiltaket	Frå inaktiv til aktiv: aktive lånarar, aktiv formidling.
Tildelt beløp	50 000
Antall tildelingsår	1-årig
Tidsperiode	2021
Mål for tiltaket	Å auke bibliotekbruken blant passive lånarar og å gje tilbod om litteraturformidling til barn på grendeskule.

Rapport

1. Å auke bibliotekbruken blant passive lånarar:

Mange av kommunens innbyggjarar er registrerte lånarar, men dei er likevel sjeldan innom biblioteket. Vi må minne dei på at vi framleis er her. Ein ting vi har snakka om å prøve, men som vi aldri har fått gjort noko konkret med, er å lage digitale nyheitsbrev. Da kunne både gamle og nye lånarar få tilbod om å abonnere og vi ville fått lært korleis vi kan gjere dette og sett om det har nokon effekt på bibliotekbruken. Vi ynskjer primært å få det til gjennom biblioteksystemet, men om det ikkje lar seg gjere, må vi finne andre måtar å løyse det på. Vi må også finne ut av forhold omkring personvern. Nyheitsbrevet skal innehalde litt om nye innkjøp, men også informasjon om andre tilbod og tenester, samt arrangement. Frekvens: Ni nyheitsbrev pr. år pr. abonnementtype.

Når: Januar – desember 2021

Vi kunne ikkje lage nyheitsbrev gjennom biblioteksystemet vårt slik vi eigentleg håpa, det var både av tekniske årsakar og av omsyn til reglar for personvern. Vi brukte litt tid i starten av prosjektperioden for å finne praktiske løysingar, men det gjekk trått og vi landa på å utsette dette arbeidet til hausten, og heller konsentrere oss om del 2 av prosjektet vår og haust -21.

Vi kom altså ikkje gang før seinhaustes med å lage nyheitsbrev, og vi måtte leige inn litt ekstern hjelp på timebasis til dette.

Vi landa på gratisversjonen av programmet Mailchimp. Det er utarbeid rettleiing for å lage nyheitsbrev, og den, saman med tips til innhald, vil bli distribuert til våre samarbeidande bibliotek i regionen. Brev blir laga i to kategoriar vaksne og barn/unge, og ein kan abonnere på eitt eller begge. Hausten -21 rakk vi å lage og sende ut to brev i kvar kategori. I tillegg fekk vi laga ferdig eit brev klar til sending straks over nyttår.

Har laga «reklamemateriell»; Faldar, plakat til oppslag og utsending, materiell delt ut på arrangement, på lokale butikkar og kjøpesenter, lagt ut på FB (eigen og kommunal side), informasjon på kommunal heimeside og på startside for web-søket vårt.

Vi har også sendt informasjon og lenke til påmelding direkte til aktuelle abonnentar (kommunalt tilsette i skular/barnehage, andre bibliotek) og informert på datostikker og elles i biblioteket.

Utsending av nyheitsbrev held fram i -22 etter denne planen:

Utgivelsesplan -22:

10.januar / + vinterles

7. februar /+

7. mars/+

4.april/+ - verda bokdag/påskekrim

9.mai/+ - sommarles

7.juni/+ sommarbibliotek/opningstider

Innhald:

Arrangements-/datahjelpdatoar

Sesonginnhald – merkedagar/høgtider

Leseaksjonar/kampanjar

2. Litteraturformidling til barn på grendeskule:

Skulen brukte bibliotekfilialen i Flatdal mykje, men etter at den blei lagt ned har sjølv sagt kontakten

med folkebiblioteket blitt dårlegare. Vi ynskjer at personale frå biblioteket kan besøke mellomtrinnet på skulen med bokprat, bøker og folkebiblioteksystemet på PC, slik at bøker kan lånast ut ordinært. Vi tenker at skulen kan få påverke innhaldet, men at vi sjølve kan sjekke ut og bruke eksisterande digitale formidlingsopplegg, og at vi t.d. kan bruke litteraturlistene frå FNsambandet knytt til FNs bærekraftsmål som utgangspunkt. Dette både for å bli kjent med ressursar for eigen del og for å informere lærarar om kva som finst.

Frekvens: Tre besøk kvart semester

Når: Hausten 2021-våren 2022

Plan 6 skulebesøk

Sidan vi sleit med del 1. av prosjektet, så bytta vi om på tidsplanen og gjennomførte heile del 2 i 2021.

Vi har gjort:

Gjennomført tre skulebesøk våren -21 og to skulebesøk hausten-21. Det planlagde siste skulebesøket blei erstatta av informasjonsmøte med lærar på mellomtrinnet for å vise dei korleis dei kan bruke folkebiblioteksystemet meir aktivt, særleg søking og bruk av Mi side-funksjonen. Vi har også laga innlogging via e-postadresse og forenkla PIN-kodar for alle klassane på mellomtrinnet, samt ei enkel rettleiing for bruk.

Til kvart klassebesøk har vi lånt inn fleire ekstra eksemplar frå andre bibliotek av kvar omtalt bok.

Sidan det har vore eit leiarskifte her etter end prosjektperiode er det ikkje optimal oppfølging av økonomien, men etter notatar frå førre leiar og konferanse med økonomiavdelinga kan vi rapportere dette for del 1 og 2:

Utgifter, ca: (timesats alt inkl. 350,-)

Lønn ca 40.000

Eigeninnsats del 1 - ca 8 timar - kr 2.800

Eigeninnsats del 2 - ca 17,5 timar - kr 6.125

Ekstern hjelp - 13,5 timar - kr. 4.725

Køyring 600,-

Totalt: 54.250,-

Inntekter: Nasjonalbiblioteket 50.000

Gjennomført: 13 brev a 3 timar = ca 14.000 kr

Rekneskap

Vedlegg

